



## Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Bygland Kommune  
Sentrum 18  
4745 BYGLAND

Dato: 13.09.2023  
Arkivkode: K1-140  
Dykkar ref.  
Vår ref. 23/907-5  
23/28117  
Jarle Lunde

### UTTALE TIL PLANFORSLAG TIL KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL 2023-2035, BYGLAND KOMMUNE

Arbeidsutvalet i villreinnemnda har behandla saka. Vedtak med saksframlegg er vedlagt.

Med helsing

Jarle Lunde  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ingen signatur*

#### Kopi til:

Agder Fylkeskommune Postboks 788 Stoa 4809 Arendal  
Statsforvalteren I Agder Postboks 504 4804 Arendal

---

Suldal kommune har sekretariat for Villreinnemnda for Setesdalsområdet.

Postadr.: Sandsvegen 122, 4230 Sand.  
Tlf: 404 18 967  
E-post: [jarle.lunde@suldal.kommune.no](mailto:jarle.lunde@suldal.kommune.no)  
Nettside: [www.villrein.no/setesdal-nemnd/](http://www.villrein.no/setesdal-nemnd/)  
[www.suldal.kommune.no](http://www.suldal.kommune.no)





# Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Sak 28/2023

## Uttale til planforslag til kommuneplanen sin arealdel 2023-2035, Bygland kommune

	Møtedato	Sakshandsamar:
Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet	08-13.09.2023 (e-postmøte)	Jarle Lunde

### Saka

Plan-, miljø- og ressursutvalet i Bygland kommune har vedtatt å sende planforslag til kommuneplanen sin arealdel 2023-2035 på høyring og legge han ut til offentlig ettersyn. Kommuneplanen sin arealdel består av plankart, planføresegner og planomtale som utdjuapar arealpolitikken og ser på den samla arealdisponeringa. Konsekvensutgreinga skildrar konsekvensane av endra arealbruk.

- [Plankart](#)
- [Føresegner og retningsliner](#)
- [Planomtale](#)
- [Konsekvensutgreiing inkl. risiko- og sårbarheitsanalyse](#)

Meir informasjon om saka: <https://www.bygland.kommune.no/kommuneplanen-sin-arealdel-paa-hoeyring.6612201-522036.html>

I planprogrammet vart det lagt rammer for planprosessen og kva revisjonen skal omfatte:

- Gjennomgang av områder for revisjon og oppdatering av desse
- Inkludere nye føremålsområder og omsynssoner
- Utarbeide sti- og løypeplan
- Kartlegge tiltak for å avhjelpe flaumsituasjonen i Åraksfjorden

### Vurdering

#### Status for villrein, kvalitetsnorm og Bygland kommune

Villrein er ein ansvarsart for Norge. Den generelle samfunnsutviklinga har ført til ein aukande fragmentering av villreinen sine leveområde. Dette gjeld ikkje minst i Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei villreinområde.

Sommaren 2020 vedtok regjeringa kvalitetsnorm for villrein. Målet med norma er å beskrive tilstanden til villreinen, mellom anna gjennom eit trafikklys-system som seie oss om eit villreinområde har god (grøn), middels (gul) eller dårleg (raud) kvalitet. Resultata for dei nasjonale villreinområda blei framlagt i april 2022. Etter ei heilskapleg vurdering blei Setesdal Ryfylke klassifisert til dårleg kvalitet (raud), Setesdal Austhei til middels kvalitet

(gul). Målet er at minimum middels kvalitet skal nås snarast mogleg. På lengre sikt også god kvalitet. Årsaka til at områda ikkje oppnår god kvalitet er samansett, men sentralt er at vegar og vasskraftutbygging i kombinasjon med ferdsel i utsette områder har stor negativ effekt på villreinens vandringsmoglegheiter. Dette påverkar reinens bruk av fjellområda, også i Bygland.

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. I «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023 – 2027» er det nye og tydelege forventningar om å sikra leveområdet til villreinen. *«Det er viktig at fylkeskommunane og kommunane legg stor vekt på resultatane frå klassifiseringa av villreinområda og arbeider aktivt for å oppnå kvalitetsmåla for dei nasjonale villreinområda. Dei regionale planane for fjellområda med villrein er eit viktig verktøy for å få til dette.»*

### Innarbeiding av Heiplanen

Den siste revideringa av kommuneplanen sin arealdel var i 2011.

To år etter blei regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen) godkjent. I denne er omsynet til villreinen sentralt. Planen fastsette ei klar grense for Nasjonalt villreinområde (NVO) og tek omsyn til villreinens arealbruk til ulike årstider. Planen fastsette retningslinjer og føringar for ein å kunne gi ei mest mogleg lik forvaltningspraksis over heile villreinområde.

Det går fram av utkast til plankart at ein no tek inn Heiplanens omsynsoner i kommuneplanen. Det er bra. I tilhøyrande retningslinjer heiter det:

*I omsynssona skal ein legge stor vekt på villreinen sine interesser i all arealforvaltning og saksbehandling. Landbruk, næringsutvikling og friluftsliv kan fortsette og vidareutviklast innan gitte rammer jf. Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen).*

Sekretariatet meiner at retningslinjene kunne vore meir utfyllande og spesifikke slik dei er i Heiplanen. Det vil og gjere det og lettare for dei som lurar på reglane å få oversikt over kva som gjeld. Me viser her til [Heiplanen](#) sine retningslinjer frå side 16.

Samstundes er det viktig å hugse at retningslinjer i seg sjølv ikkje er juridisk binande. Det er derfor kommunen sin sakshandsaming og dispensasjonspraksis som er avgjerande for om dei gode intensjonane om å ta vare på reinen i heiane verkeleg vil fungere. Det er derfor viktig at Bygland kommune har ein streng dispensasjonspraksis framover, slik at dei gode intensjonane og kjem villreinen til gode.

### Konsekvensutgreiing

I samband med planarbeidet har kommunen fått inn ei rekkje innspel av nye utbyggingsområde. Det er gjennomført konsekvensutgreiing av desse. For to område (51 – Langeid , 89 – Hovatn) har dette vore innafor Heiplanen sine omsynsoner for villrein. For begge har ein vurdert at tiltaka er i konflikt med nasjonalt villreinområde, og ikkje teke dei med i vidare planarbeid. Sekretariatet i nemnda støttar opp om dette.

### Sti og løypeplan

I planomtalen blir skrivi at «Utarbeiding av sti- og løypeplanen er godt i gang» og at planen vil bli lagt fram til politisk behandling som eiga sak. Villreinnemnda gav uttale til oppstartsmeldinga for sti og løypeplan datert 18.02.2021. I denne heiter det mellom anna at

*Villreinnemnda vil gi ros for at Bygland kommune no startar arbeidet med denne planen og at ein er tydeleg på at ein skal ivareta villreinen. Villreinnemnda meiner det må vere eit overordna mål at ein kanalisere ferdsel gjennom stiar og løyper på ein slik måte, at ein i minst moglege grad kjem i konflikt med villreinens leveområde*

Som følgje av klassifiseringa av dei nasjonale villreinområda og pågåande arbeid med tiltaksplanar, er viktigheita med ein sti- og løypeplan ytterlegare forsterka. Sekretariatet vil derfor anbefale at arbeidet med sti- og løypeplanen blir gitt stor prioritet.

## **Forslag til vedtak**

Det er viktig at Bygland kommune legg stor vekt på resultata frå klassifiseringa av villreinområda etter kvalitetsnorm for villrein, og arbeider aktivt for å oppnå kvalitetsmåla for dei nasjonale villreinområda.

Det går fram av utkast til plankart at ein no tek inn Heiplanens omsynsoner i kommuneplanen. Villreinnemnda støtter opp om dette. Me vil likevel poengtera at retningslinjene bør vere meir utfyllande og spesifikke slik dei er i Heiplanen. Det vil gjere det og lettare for dei som lurar på reglane å få oversikt over kva som gjeld. Me viser her til [Heiplanen](#) sine retningsliner frå side 16.

Med bakgrunn i konsekvensutgreiinga har ein ikkje teke to foreslåtte tiltaksområde i villreinområde med i arealdelen av kommuneplanen (51 – Langeid , 89 – Hovatn). Villreinnemnda støtter opp om dette.

Som følgje av klassifiseringa av dei nasjonale villreinområda og pågåande arbeid med tiltaksplanar, er viktigheita med ein sti- og løypeplan ytterlegare forsterka. Nemnda vil derfor anbefale at arbeidet med sti- og løypeplanen blir gitt stor prioritet.

## **Behandling**

Ingen merknad. Samrøystes etter framlegg.

## **Vedtak**

Det er viktig at Bygland kommune legg stor vekt på resultata frå klassifiseringa av villreinområda etter kvalitetsnorm for villrein, og arbeider aktivt for å oppnå kvalitetsmåla for dei nasjonale villreinområda.

Det går fram av utkast til plankart at ein no tek inn Heiplanens omsynsoner i kommuneplanen. Villreinnemnda støtter opp om dette. Me vil likevel poengtera at retningslinjene bør vere meir utfyllande og spesifikke slik dei er i Heiplanen. Det vil gjere det og lettare for dei som lurar på reglane å få oversikt over kva som gjeld. Me viser her til [Heiplanen](#) sine retningsliner frå side 16.

Med bakgrunn i konsekvensutgreiinga har ein ikkje teke to foreslåtte tiltaksområde i villreinområde med i arealdelen av kommuneplanen (51 – Langeid , 89 – Hovatn). Villreinnemnda støtter opp om dette.

Som følgje av klassifiseringa av dei nasjonale villreinområda og pågåande arbeid med tiltaksplanar, er viktigheita med ein sti- og løypeplan ytterlegare forsterka. Nemnda vil derfor anbefale at arbeidet med sti- og løypeplanen blir gitt stor prioritet.